



Hei, Hallgeir! Les dagens eAvis her.

annonse

Frå Bamse Brakar til oselvaren

+ Komande veke vert tettpakka med kultur for både store og små i Fusa. Tysdag kjem Bamse Brakar og torsdag vert det foredrag om oselvaren.

17.03.2017 kl 16:09



Jostein Halland
Tlf: 922 46 313

Tysdag gjester Askeladden fritheater biblioteket i Eikelandsosen. Teateret byr på fleire historier frå eventyrsammlarane Asbjørnsen og Moe. Barna får møta Bamse Brakar og Mikkel rev i kjende forteljingar som «Kvifor reven har kvit haletipp?» og «Kvifor har Bamse Brakar stutt hale?».

Viktig i Fusa-kulturen

Torsdag er Kjell Magnus Økland gjest i Torsdagsakademiet med foredrag om oselvarbåten. Hausten 2016 kom Økland ut med boka «Oselvar – den levande båten».

– Boka er den første samla framstillinga som rommar dei mange spennande sidene ved båttypen. Her finn du eit rikt teknisk og historisk materiale, og mykje av dette er ikkje tidlegare publisert, seier kulturleiar Erik Vangsnes og held fram:

– Oselvaren har vore viktig i Fusa-kulturen både som bruksbåt og som



Båt-skyss: Landliggjarskyss frå Skåte på Vinnes til Os sommaren 1925. Familien Wilson frå Bergen ferierte på garden Skåte på Vinnes fleire somrar på 1920-talet. (Fotograf Ralph Wilson, LHA Fusa) (Foto:)

annonse

tradisjonshandverk. Fleire stader i kommunen gjorde dei færingar, som vi dag kjenner som oselvarbåten.

Kjell Magnus Økland er frå Tysnes. Nyleg gjekk han inn i stillinga som dagleg leiar for Kystsogevekene i Hordaland.

Mot rasediskriminering

Fusa kommune arrangerer neste veke også ekstra Språkkafe i samband FN's dag mot rasediskriminering. Det er også Verdas poesidag innstifta av FN.

– I tillegg er 21. mars kurdarane sin nasjonaldag og Fusa har i dag ei store gruppe kurdararar. Dei fleste er frå Syria, men nyleg kom det også ein kurdisk familie frå Iran. Det er med andre ord fleire gode grunnar til å markera 21. mars i Fusa med eit eige kulturprogram, seier Vangsnes.

jostein@osogfusa.no

Klikk for å sjå kommentarar (0)

Os & Fusaposten

TIPS OSS!

Tipstelefon 489 95 310

Ansvarleg redaktør:

Jostein Halland

Opningstider:

Sentralbord mån-fre 08:00-15:30

Tlf: **56 30 29 50**

[Mi side](#) | [Kundesenter](#) | [Marked](#)

Besøksadresse: Fakturaadresse:

Øyro 31
Osøyro

Os og Fusaposten
Postboks 273
5203 Os

Kontakt oss:

[Kundesenteret](#)
[Vaktsjef](#)

© Os og Fusaposten. Eit partipolitisk ubunde lokalblad for Os og Fusa i Hordaland. Avisa kjem ut kvar tysdag og fredag. Alt innhold er opphavsrettlig beskyttet. Os og Fusaposten arbeider etter [Ver Varsam-plakatens](#) regler for god presseskikk. [Pressens faglige utvalg](#) / [Redaktørplakaten](#) / [Personvern](#) og [informasjonskapslar](#)